



RADØY
den grønne øya

**AVTALE
MELLOM
RADØY KOMMUNE**

OG

EIGAR AV GNR 46, BNR 14

VEDKOMANDE FRAMFØRING AV VASSLEIDNING VIST I KART

1. Radøy kommune får rett til og ha liggjande vassleidning med turvande kummer og utstyr i samsvar med vedlagte kart utarbeidd av Asplan Viak.
2. I samband med legging av leidningen får kommunen rett til ferdsel i terrenget med maskiner, materiell og personell. Kommunen pliktar å ikkje påføre eigedom, grunn eller grøfter skade. Skader påført, og som ikkje kan utbetrast på ein tilfredstillande måte, skal erstattast etter minneleg avtale og skjønn.
3. Kommunen pliktar etter at anlegget/anleggsarbeida er fullført, å rydda opp etter seg i og langs leidningstraseen og få terrenget attende til den stand det tidlegere hadde så langt dette er mogleg. (sjå også punkt 2)
Meiner grunneigaren at dette ikkje er gjort tilfredstillande og at dette i så fall kvalifiserer til ertstatning, skal dette handsamast på same måte som anleggskade etter punkt 2.
4. Kommunen har til ei kvar tid rett til å føra tilsyn, grave fram leidningar og føreta naudsynt inspeksjon, reparasjon og vedlikehald. Kommunen sine rettar og pliktar ved slik framtidig arbeid er dei same som i punkt 2 og 3.
5. I ein avstand på 2 meter til kvar side- rekna frå senter leidning- må det ikkje byggjast, gravast, sprengjast eller i det heile settjast i verk tiltak som kan medføre fare for leidningen sin tryggleik. Det vil heller ikkje vera tillat å planta tre i denne sona. For øvrig må det i leidningen sin direkte nærleik visast varsemd for å unngå skade. Det er ein føresetnad at leidningen vert lagt ned med overdekning på minst 0,8-1,2 meter.
6. Som vederlag for den ulempe grunneigaren vert påført ved legging, og å ha leidningen liggjande over eigedomen sin, vert det utbetalt ei godtgjerdsle på kr 15,- pr lengdemeter grøft.-
7. Denne avtalen kan tinglysast.

Manger 28.10.16

Radøy kommune
Einar Færø
EIGAR AV GNR 46, BNR 14

Eigar av GNR.46, Bnr 14

Thomas Terje Manger